



Amund Heir
Kjedalen 9
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/802 - 18/8066

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
12.04.2018

Svar på søknad om fritak for kommunale avgifter

Viser til brev datert 23.03.2018.

Det følgjer av lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg § 3 første ledd at eigar av fast eigedom skal betale vass- og avlaupsgebyr til kommunen når eigedomen er knytt til kommunale vass- og avlaupsgebyr. Det kan likevel gjevest fritak i visse tilfelle, mellom anna dersom eigedomen fysisk blir kopla frå kommunen sitt leidningsnett, jf. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 11.

Då kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på at eigedomen fysisk er kopla frå kommunen sitt leidningsnett kan vi dessverre ikkje innvilge søknad om fritak frå kommunale avgifter i perioden.

Du kan likevel påvirke forbruksgebyret ved å velje måling av vassforbruket, jf. forurensningsloven § 16-4 annet ledd. Årsgebyret for vatn og avlaup i Meland kommune er delt inn i abonnementsgebyr og forbruksgebyr, jf. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune § 6. Alle abonnenter betaler like abonnementsgebyr. Når det gjeld forbruksgebyret kan abonnenten velje mellom målt forbruk (faktisk vassforbruk mål med vassmålar) eller stipulert forbruk (gjennomsnitt).

Om du ønskjer å betale gebyr etter målt forbruk, kan vassmålar leigast av kommunen. Vi minner om at abonnenten må betale alle kostnader knytt til installering og vedlikehald av målaren.

Når det gjeld sjølve fakturaen så blir faktura sendt ut til tinglyst eigar av eigedomen. Dersom det har vore skifte av eiger i perioden fakturaen er gjeldande for, bør fakturaen bli delt mellom kjøpar og seljar. Fakturaen må likevel bli betalt i sin heilskap til kommunen på forfallsdato. Avrekning er noko seljar og kjøpar sjølv må ordne opp seg imellom, eller ved hjelp av eigedomsmeklar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Amund Heir

Kjedalen 9

5918

FREKHAUG